



Statens vegvesen

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Kurt Kåre Skagen / 57655796

Vår referanse:
20/109420-3

Dykkar referanse:
2019/625-14

Vår dato:
19.08.2020

Uttale til planprogram – Kommunedelplan for samferdsle 2020–2028 – Kvinnherad kommune

Vi viser til melding om oppstart av planarbeid, med uttalefrist 18.08.20.

I Kvinnherad kommune er det ikkje riksvegar. Statens vegvesen har likevel ei rolle i planarbeidet knytt mot føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Planprogrammet er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. Vi ser at de i kap. 2.1 har lista opp dei statlege retningslinjer og normalar som Statens vegvesen har ansvaret for. Det er eit godt grep å dele kommunedelplanen for samferdsle i tre. På den måten kan planen ha eit heilskapleg og langsiktig perspektiv samstundes som trafikksikringsdelen kan fokusere på mindre tiltak der det er ønskjeleg med rask handling. Det er også positivt at trafikksikringsplanen, gjennom kunnedelplanen for samferdsle, blir ein del av det rullerande plan- og styringssystemet, med ein handlingsdel som går inn i økonomiplanen.

Vi har tidlegare gitt innspel ved oppstart av arbeidet med trafikksikringsplanen (vårt brev datert 20.04.20). Vi støttar at de legg stor vekt på skuleveg og unge sitt behov. Det er rett å prioritere hardare mellom tiltak, samstundes som det blir gjort ei vurdering av kva som er realistisk å gjennomføre innafor dei økonomiske rammene som finst. I samband med skuleveg ønskjer vi at de ser spesielt på risiko for ulukker på veg til og frå skulebuss.

I Hovudplanen for vegar ønskjer de mellom anna å definere krav til vegstandard. Vi minner om at Statens vegvesen sin handbøker N100, N101, N200, N400, N500 og N601 gjeld for alle offentlege vegar (også kommunale). For kommunale vegar kan kommunen gi fråvik frå krava i vegnormalane. Det må då gjerast einskildvedtak knytt til kvart fråvik. Fråvika kan

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

ikkje ligge skjult i arealplanar utan at det blir spesifisert kva som er fråvik frå vegnormalane. Vegnormalane gjeld ikkje for private vegar, sjølv om dei er opne for fri ferdsel. Vi er positive til at kommunen vil utarbeide vegnorm for private vegar. Vårt råd er att denne norma langt på veg er i samsvar med Statens vegvesen sin handbøker. Dersom det er utsikt til at private vegar seinare skal overtakast av kommunen, bør vegnormalane leggest til grunn ved planlegging og bygging.

Eit dokument som omtalar overordna mobilitetsstrategiar kan vere nyttig for å førebu seg på framtida. Det gjeld både planlegging i eigen kommune og ved innspel til regionale og statlege planar. Folkehelse og klima er moment i arbeidet med denne planen. Auka bruk av sykkel og kollektivtransport er verkemiddel for å nå mål på desse områda. Går vi tilbake til hovudplanen for vegar, så bør kollektivhaldeplassar, sykkelvegar og sykkelparkering få plass der. Bygging av gode og samanhengande sykkelvegar er viktig, spesielt i tilknytning til Rosendal og Husnes.

Vi ønskjer lykke til med arbeidet. Om ønskjeleg kan vi kontaktast undervegs i planarbeidet for drøfting av konkrete tiltak.

Transport vest – Transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
Seksjonsleiar

Kurt Skagen

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.